

Referat planleggingsmøte 08. april 2013 i Valle, for nytt GPS-merkeprosjekt i Setesdal Austhei.

Møtestad: Valle Motell.

Desse møtte:

Tor Punsvik	FM Vest-Agder
Olav Strand	NINA
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref)
Per Kjetil Omholt	FM Aust-Agder
Gry Gasbjerg	FM Aust-Agder
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Jon Ødeskaug	Valle kommune -landbruk
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Sverre Bakke	Tokke kommune
Tarald Myrum	Valle kommune –ordfører
Svein Ekre	Setesdal Austhei Villreinlag –leiar
Torleif Homme	Setesdal Austhei Villreinlag –sekretær
Leif Roholdt	Villreinemnda Setesdalsområdet
Lars Arne Bay	Invitert ressursperson

Tor Punsvik opna med å kort fortelje om rolla til Fylkesmannen i Vest-Agder i villreinforvaltninga og om bakgrunnen for initiativet til nytt villreinprosjekt i Setesdal Austhei. Han orienterte om bakgrunnen og arbeida i GPS-prosjekta, med resultat frå det førre og arbeidet med det nye prosjektet i SVR. **Tarald Myrum** ynskte velkomen til møte og fortalde om overgangen frå Setesdal Austhei Tamreinlag til defineringa av denne reinen som villrein, med fyrste jaktår i 1982..

Saker

1) Kva lærte me om villreinen i Setesdal Austhei av prosjektet 2006-2010?

Kunnskapshol og trong for overvaking framover? Ved Olav Strand:

Setesdals heiane er i dag i realiteten tredelt; Austheia, Vestheia nord for Blåsjø og Vestheia sør for Blåsjø. På Austheia var bestandsstorleiken stor gjennom heile førre prosjekt, og effekten av barrierar i tilknytning til dette området kan difor synas tydeleg.

På Austheia ser ein ei tydeleg koordinert migrasjon hjå villreinen; trekket over Rv45 ved Bjørnevatn to gonger årleg. På våren skjer migrasjonen til kalvingsområda over eit relativt kort tidsrom. Det tek

noko lengre tid på hausten. GPS-data viser at ein del av posisjonane ved kryssing nordover om hausten skjer igjennom hyttfeltet, medan mesteparten av kryssinga sørover om våren skjer lengre vest. Areala mellom dei to planområda vil vera viktige for framtida for å ta vare på desse trekka. Det har vore hevda at Hallbjønnsekken (Kuskard) tidlegare var eit hovudtrekk for reinen, før nedbygging. I habitatseleksjonsmodellane har Austheia tydelege gode kvalitetar i vinterbeite i nord, men mindre tydelege kvalitetar for sommarbeita i sør.

Kunnskaps- og overvakingsbehov:

- Kva beiteressursar i sør er det dei eigentleg brukar? Er det skilnad mellom nord- og sør med tanke på vårdag/vårsprett?
- Behov for ein viss grad av overvaking over Rv9 og Rv45 over Bjørnevatn, for å fylgje bruken av desse trekka. Men ikkje sikkert dette skal skje med GPS-overvaking. Kanskje heller lokale krefter til dette.
- Hovdenområdet har ein sti- og løypeplan. Dette bør klart vurderas for Bjørnevassområdet òg. Kva tilrettelegging kan ein tenke seg her? Med å bruke den kunnskapen ein allereie har?
 - o Oppfølging bør kanskje vera tett kopla til kommuneplanane og gjennomføringa av desse? Dette var òg eit sentralt tema i Heieplanprosessen.
- Arealbruk om hausten og i brunsta? Ein kan lage arealbrukskart for dette ut ifrå når kalvinga skjer (som tydeleg kjem fram i GPS-data).
- Kan høg felling i Bjørnevassområdet ha noko og seie for områdebruken?

2) Bestandsplanlegging i Setesdal Austhei villreinområde. Moglegheiter og utfordringar/avgrensingar? Ved leiar i villreinlaget Svein Ekre:

Austheia har hatt tamreindrift fram til slutten av 70-talet. Det av tamreinen som ikkje blei slakta, blanda seg med villreinen på Vestheia og på Hardangervidda. Fyrste jaktår på Austheia var i 1982. I 1992 blir SA Villreinlag konstituert, med 21 vald og med det nesten 70 % av areala. Teljingar og registreringar har vore av ulik kvalitet. I bestandsplanane blei mykje bygd på «Sett-rein» skjema, samt fellingstal.

Dei fyrste gode vinterteljingane kom i 2004/2005, deretter gode strukturteljingar både i 2006 og 2007. Teljingane gjennomførast no med helikopter/fly, med GPS-logg av transekt og GPS-merka dyr. Trekket ved Badstogdalen er å rekne som ute av drift. Vatndalen er no så og seie ute av drift. Trekket over Bjåen, Lislefjødd og Vamark har sporadisk litt trekk.

Trass i at dyra brukar store delar av villreinområdet i løpet av året, vil ein gjerne ha meir dyr i sørområdet, særleg i jakta.

Er i dag bare ei samjaktavtale som er i bruk; mellom Tokke og Vinje.

Arbeider no med driftsplan som skal gjelde frå 2014.

3) Kommunenes vurdering av prosjektfokus og –utfordringer/-moglegheiter. Ved Tarald Myrum, valle kommune og Sverre Bakke, Tokke kommune.

Valle:

GPS-prosjektet har i stor grad dokumentert mykje av det ein visste ifrå før. Men no ser ein i kor stor grad dette er tydelege trekk som brukas mellom år og som er av tyding for bestanden. Ein har vidare lært at stamma på Austheia er ei stamme som opptrer meir eller mindre som ei stamme.

Valle vil i rullering av kommuneplan seta fokus på omsynssone villrein, sti- og løypeplan, auka ferdsel gjennom standardheving på hyttene, hyttebygginga og ferdsle i Bjørnevatn området? I Valle ser ein det som viktig at der er nokre dyr som går merka, for å kunne gjennomføre mindre testingar og prosjekt i t.d. Bjørnevassområdet, samt for lokal forankring.

Tokke:

I Tokke har det i all tid fram til GPS-prosjektet, vore vanskeleg å skaffe dokumentasjon på tidlegare arealbrukskart. Men i 1992 vedtok Tokke likevel ein arealdel der ein freda frå Velbekkroia og opp til Fylkesgrensa. I 2002 var administrasjonen litt uheldige, med å levere sak til kommunestyret om rullering av arealdelen rett før kommunevalet. Med dette kom diskusjonen om bruken av områda ved Hallbjønnsekken. Det var større inntekter på utleige av jakt og fiske tidlegare. Dette er og har vore viktig for busetnad og leveveg i fleire grender. Difor er det viktig i Tokke å ta vare på trekket ved Hallbjønnsekken, for å sikre reinens områdebruk og dermed næringsinntekter. I Tokke hadde ein sett det som ynskjeleg å bruke GPS-data til differensiert forvaltning og til arbeidet med sti- og løypeplanar framover.

4) Vegen over Bjørnevatn: Kva avgrensingar og moglegheiter har ein i tiltak for å dempe konflikt med villreinen? Ved Arne Heggland.

Vegvesenet har den såkalla Miljøvisjonen og må vidare forhalde seg til Naturmangfaldslova, både som planleggar og som drivar av eigen veg eller på vegne av Fylkeskommunen. Det blir stadig strengare krav til kunnskapen ein baserer vedtak og drift på.

- «Veger og dyreliv» handbok 242; seier noko om trafikk tetthet og barriereeffekt.

Når det gjeld Rv45 Skafså-Rotemo så er det Aust-Agder FK som er eigar av vegen.

Relativt lågt trafikk tal, men aukar markant etter 15.mai når Brokke-Suleskard har opna. Trafikk teljing kan gje meir spesifikke døgn tal.

Det blir i dag ikkje skore ned brøytekanter ved Bjørnevatn, men dersom dette kunne vera eit tiltak, så må i så fall Fylkeskommunen finansiere det, så syter Vegvesenet for å få dette med i

vedlikehaldskontrakta. I områda ved Bjørnevatn er det å sikre samanhengen i området og redusere barriereeffektane, som ville vore fokus for vegvesenet, ved igangsetting av tiltak.

Dersom det kan påvisas ein «broten økologisk funksjon» gjer det at ein kan gå tungt til verks, men det stiller nokre krav:

- Krav til dokumentasjon:
 - o Vegdata: trafikk mønster

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerlann | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

- Viltdata: kvalitativt/kvantitativt. Kvar/når er det konflikta? Og kor store er dei?
- Ulike aktørar må gå i takt:
 - Ein må vurdere aktivitetar som skaper meir trafikk.
 - Vurdere den samla belastninga i området jf NML.
- Prosess og medverknad:
 - Press frå høgare hald?
 - Rollar og medverknad.

Eit døme på slike tiltak er Rv7 og tiltak med omsyn til villreinen:

- Skiftesjøen: reguleringsplan for høgfjellsprofil på vegen.
- Beredskap for stenging av veg:
 - ÅDT 800.
 - Miljødirektoratet aktiv pådrivar.
 - Periodar der vegen likevel periodevis stengas pga uvør.

Oppsummert:

- Moglegheiter:
 - Etatsovergrepande forvaltning.
 - Tiltak fordrar grundig kunnskapsinnhenting.
 - Tiltak der alvorleghetsgraden er høg. Økologisk funksjon er eit nøkkelord.
- Begrensingar:
 - Kronekostnad, reiseliv/tungtransport osv.
 - Ulempe; tilgang til området for samfunnet; for friluftsliv etc.

5) Tankar om innhald, moglegheiter og avgrensingar i eit nytt prosjekt i Setesdal Austhei, ved Olav Strand:

Lokale og meir generelle tilnærmingar (må truleg òg vera noko overordna med tanke på finansiering):

- Effektar av avbøtande tiltak og tilrettelegging.
- Analyse av eksisterande data.
- Effektar av jakt.

- Næring og avbøtande tiltak?
- Kartlegging av vekstområde og potensiale/planer i desse.

- Verdier av fjellet og reinen –survey –bygge vidare på REINMAN –Horisont Snøhetta. –Rein er ikkje bare viktig for jakta sin del.
- Villrein, fjellrettar og drift av landbrukseigedomar.

Ein ynskjer å skalere opp GPS-prosjektet til landskapsøkologisk forum for ulike samfunnsområde.

Arbeidsformer framover:

- Felles kunnskap.
- Arena for dialog og samarbeid.

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

- Kapasitetsbygging og vedlikehalde denne.
- Adaptiv forvaltning.
- Reflektere kritisk over kva som er «vinn-vinn» situasjonar.

«Vinn-vinn» situasjon på Bjørnevatn, kan t.d. vera:

- Mål om å bevare dette området som eit sentralt villreintrekk.
- Målsetninga må då heile tida stå i sentrum for dei avgjerdsleane som blir tatt, -for alle. Ikkje at ein og ein instans «får viljen sin» kvar sin dag..
- Må ikkje bli slik at alle testar ut handlingsromet sitt hjå t.d. FM kvar gong ein møter denne.
- Kvar og ein må seta grenser for eige handlingsrom.

Vidareføring på Austheia:

- Bruk av eksisterande kunnskap frå GPS-prosjektet.
- Planar/utvikling av fokusområder: Kople dette til handlingsdel av regional plan
- Bjørnevatn:
 - o Overvaking; kven er dei nye brukarane og korleis leggje til rette effektivt?
 - o Få med Vegard Gundersen på NINA på ferdseksundersøkingar: kor skal me legge løypene slik at brukarane blir nøgde, men som òg tek vare på villreinen?
- Løypenettet i vinterbeiteområda; optimalisering av dette og effektstudiar på endringar.
- Brøytekanter?
 - o Må i så fall måle dei fyrst, for å vurdere trongen for dette.
- Terskeeffektar –når er aktiviteten eit problem?
 - o Bjørnevatn er eit problem. Dette er eit kritisk område i forhold til at det skal vera eit trekk igjennom det.
- Ressursar i sør?
 - o Undersøke mellom anna med bruk av data frå kamerasendarane?
- Kostnader ved å halde dyr merka: ca kr. 25.000,- pr dyr pr år.

Relevante tema for bestandsforvaltning:

- Sjøas i samanheng med lokale justeringar.
- Overvaking av trekk korridorar –metodar? Parallelkøyning mellom GPS og andre metodar?
- Utviklinga på vinterbeita i nord? Kartleggingar med hjelp av lokalt personell?
- Overvaking –kalveteljingar.
- Trekkveggar aust-vest, særleg ved Hovden.

Det må òg tas med i vurderinga om GPS-merking eller ikkje framover, kor raskt den positive effekten ein har hatt av GPS-prosjektet til no, dabbar av.

6) Kvar går me no? Open post for drøfting av vidare prosjektplanlegging/-organisering/-finansiering.

- Det er klart element i Bjørnevatnproblematikken som er av nasjonal interesse, og ikkje bare viktig for lokale fokus. Dette burde medføre sentral deltaking og økonomisk støtte.

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

- For bestandsforvaltinga vil det kanskje òg vera eit viktig argument for vidare prosjekt, dersom det kan medføre at fleire rettighetshavarar får tilgang til jakt eller auka utnytting av reinen som ressurs.
- Før-/etterundersøkingar er veldig aktuelt for Vegvesenet, og slik sett eit argument for å halde fram med ei overvaking. Særleg i samband med vurdering av status før og etter godkjente planar i Tokke og Valle.
- Tilsvarande er før-/etterundersøkingar av ferdsel noko det òg manglar mykje på. Dette kan òg vera aktuelle masteroppgåver framover. I samband med ferdsel og sti-løypeplanar kan ein òg ha med seg i vurderinga framtidig opning for rekreasjonskøyring med snøskuter.
- Aust-vest trekket ved Bykle/Vinje over Rv9 vil vel òg vera relevant i eit nytt prosjekt.
- Det vil vera viktig for omdømmet til prosjektet at ein er sikker på at gevinsten av merkinga må vera klart større enn belastninga den er for dyra. Det var òg semje om at det er viktigare no å koma i gang med prosjekt som sikrar trekket over Bjørnevatn, framfor å halde fram med meir datainnsamling.
- Prosjektstart 2014?
- Viktig å ha med seg Fylkeskommunen vidare!
- Det same gjeld for å ha møte med hytteeigarane; for å koma i inngrep med dei med informasjon om villreinen, og omsyn som er viktige å ta i sårbare område.
- Nytt møte i «interimstyret» tidleg på hausten.

Viktige stikkord i arbeidet framover:

- Bjørnevatn
- Ferdsel
- Sørrområda
- Aust-vest trekk over Rv9

Tor, Olav og Lena går igjennom, konkretiserer og «set prislapp» på punkt ifrå dette møtet, og har forslag klart på dette, til eit møte tidleg på hausten att.



Adresseliste (bare sendt elektronisk):

Frammøtte:

Fylkesmannen i Vest-Agder v/Tor Punsvik
NINA v/Olav Strand
Norsk Villreinsenter Sør v/Lena Romtveit
Fylkesmannen i Aust-Agder v/Per Ketil Omholt
Fylkesmannen i Aust-Agder v/Gry Gasbjerg
Statens Vegvesen v/Arne Heggland
Valle kommune v/Tarald Myrum -ordfører
Valle kommune –landbruk v/Jon Ødeskaug
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum
Tokke kommune v/Sverre Bakke
Setesdal Austhei Villreinlag v/Svein Ekre –leiar
Setesdal Austhei Villreinlag v/Torleif Homme –sekretær
Villreinnemnda for setesdalsområdet v/Leif Roholt
Lars Arne Bay
Aust-Agder Fylkeskommune v/Hans Fløystad
Telemark Fylkeskommune v/Ole Bjørn Bårnes
SNO v/Peter Hermansen

Kopierte:

Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavingdelinga v/Morten Johannesen
Vinje kommune v/Lasse Mathisen
Fyresdal kommune v/Aslak Momrak Haugen
Bygland kommune v/Postmottak
Åmli kommune v/Olav Vehus
Vest-Agder Fylkeskommune v/Björg Hellem
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland (leiar)
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Ola Sukka (nestleiar)
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jørn Haug
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine (leiar)
Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær Svein Olav Stegarud
Statskog v/Kristian Eiken Olsen
Våmur Roan villreinlag v/ leiar Jørund Valebjørg
Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg
Verneområdeforvalterne i SVR v/Tarjei Haugen
Verneområdeforvalterne i SVR v/Alf Odden
SNO v/ Peter Hermansen
SNO v/ Reidar Sandal
DN v/Vemund Jaren
Norsk Villreinsenter Sør v/Marianne Singsaas

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48